



Arkivsaknr: 2024/750-198
Sakshandsamar: Ola Viken Stalund
Avdeling: Plan og utvikling

SAKSFRAMLEGG

Miljøløftet - bruk av belønningsmidler i Alver kommune

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Det etablerast nye kategoriar som rammer for bruk av Alver sine belønningsmidlar i Miljøløftet, lagt fram i dette notatet. Midlar til rådighet fordelast på desse kategoriane.
- Kommande utbetalingar fordelast etter behov i dei nye kategoriane, i dialog med styringsgruppa for Miljøløftet i Alver og i samband med rullering av handlingsprogram for Miljøløftet.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saka gjeld

Rammene for bruk av belønningsmidlar i Alver kommune har skapt utfordringar for effektivt arbeid. Det må leggjast betre til rette for at gjenståande midlar og komande utbetalingar kan settast i bruk på hensiktsmessig og effektiv måte. Administrasjonen ber difor om tilslutning til at midlar og tiltak samlast i nye kategoriar, lagt fram i denne saka.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Belønningsmidlane er ein del av byvekstavtalen og utgjer eit tilskot på omlag 3,5 mill. kr. (2026-kr.) per år gjennom avtaleperioden 2020-2029. Midlane nyttast typisk til mindre tiltak

som sykkelparkering, kampanjar, prosjektutgreiing og interne lønnskostnader til prosjektleiing i kommunen. I følge byvekstavtalen definerast belønningsmidlar som:

Statlege midlar som kan nyttast for å bidra til betre framkome, miljø og helse i storbyområda, ved å dempa veksten i personbiltransport og auka talet på kollektivreiser. Midlane kan nyttast til kollektiv-, gang og sykkeltiltak uavhengig av vegeigar og til drift av kollektivtransport.

I motsetning til *programområdemidlane*, krev ikkje tiltak som finansierast med belønningsmidlar løyving i det enkelte statsbudsjett. Kommunen står meir fritt til å prioritere bruken av desse midlane, så lenge dei bidrar til dei overordna måla i byvekstavtalen. Planlagde tiltak og aktivitetar må likevel spelast inn til handlingsprogramma for Miljøløftet, og vi rapporterer til Miljøløftet på den faktiske bruken gjennom året.

I samband med den årlege rulleringa av handlingsprogrammet til Miljøløftet, har Alver gjort politiske vedtak som set rammene for kva belønningsmidlane skal nyttast til i vår kommune. Rammene for bruk av belønningsmidlar i Alver kommune har over tid vorte til hinder for effektivt arbeid, der deler av midlane er bunde opp i formål som ikkje lenger er relevante. Dette gjer og rapporteringa til Miljøløftet meir komplisert.

Ved inngangen til 2025 var rammene for belønningsmidlar fordelt i tråd med tabellen under. Merk at dette ikkje er budsjett- eller regnskapstal.

Tabell 1: Gjenståande belønningsmidlar ved inngangen til 2025, fordelt på tiltak.

Formål	Kr i heile 1000
Strategiplan	300
Prosjektutgreiing	1 150
Sykkelpakke	324
Fysiske tiltak	2 000
Prosjektsamling belønningsmidler Alver	2688
Trygg sykkelparkering	-133
Samlepott belønningsmidler Alver 2024 (ny i 2025)	3 535
Prosjektstilling og prosjektbistand i Alver (ny i 2025)	3 120
Delsum belønningsmidlar til Alver	12 984

Vurdering

I lys av problemstillinga over tilrår kommunedirektøren å gjere eit nytt politisk vedtak som samlar midlane i meir hensiktsmessige og praktiske kategoriar, og som står seg betre i samband med rulleringar av handlingsprogrammet i Miljøløftet, samt oppfølging av relevante planar og strategiar.

Kommunedirektøren tilrår å samle tiltaka i tabell 1 i tre kategoriar:

1. Aktiv mobilitet
2. Mobilitetsløysingar
3. Prosjektutvikling

Dette er eit tiltak som vil bidra til administrativ forenkling, meir effektiv ressursbruk og at pengane vert nytta til fleire gode tiltak i Alver kommune. Tiltak innanfor kategoriane bør i stor grad knytast opp mot kommunens eigne planar. Slik vil ein kunne få ein tydelegare samanheng mellom desse midlane og gjennomføring av aktuelle strategiar og planar, til dømes sykkelstrategien for Alver, trafikksikringsplanen og det pågåande arbeidet med gå-strategi. I praktisk bruk vil denne endringa og gjere det enklare å planlegge og gjennomføre tiltak og aktivitetar.

Hensikten med endringa er ikkje å nytta midlane til andre formål enn det tidlegare kommunestyrevedtak har vurdert. Den konkrete ressursfordelinga mellom dei nye kategoriane bygger derfor på formåla i tabell 1, men med noko omdisponering frå prosjektutgreiing til «aktiv mobilitet».

Per 07.10.2025 hadde Alver kommune om lag 12,5 mill. kr i ubrukte belønningsmidlar. Merk at deler av desse er bunde opp i pågåande prosjekt, og summen derfor ikkje reflekterer midlar til reell disposisjon. Kommunedirektøren tilrår fordeling i tråd med tabell 2.

Tabell 2: Fordeling av gjeståande midlar i nye kategoriar

Formål	Kr i heile 1000
Aktiv mobilitet	7 000
Mobilitetsløysingar	1 000
Prosjektutvikling	4 500
Delsum belønningsmidlar til Alver	12 500

Nærare om kategoriane:

1. **Aktiv mobilitet**

Det er mykje å hente for den enkelte ved å vera meir aktiv. Tal frå Helsedirektoratet viser og at det kan ha positive effektar for kommuneøkonomien når innbyggjarane er i meir aktivitet.¹ Dette er midlar som skal gå til konkrete tiltak for å gjere det meir attraktivt å gå og sykle i Alver kommune. Dette gjeld til dømes trygg sykkelparkering, støtte til BUA, snarvegar, veglys, motivasjonskampanjar og enklare trafikksikringstiltak. I praksis skal aktivitetane på dette området knytast opp mot mellom anna sykkelstrategien, utarbeiding og oppfølging av gå-strategi og trafikksikringsplanen. Erstatte sykkelpakke, fysiske tiltak, trygg sykkelparkering og deler av Samlepott belønningsmidler Alver 2024 og Prosjektsamling belønningsmidler Alver

2. Mobilitetsløysningar

Midlar som skal gå til utprøving og støtte av andre mobilitetsløysningar, til dømes etablering av samkøyringsløysing i Alver, i samarbeid med Skyss eller innfartsparkering. Kanskje dette er løysingar som kan bidra til eit betre og meir fleksibelt tilbod for kollektivreiser i distrikta? Dette er i dag ein del av «Samlepott belønningsmidler Alver 2024».

3. Prosjektutvikling

a. Prosjektstilling og prosjektbistand

Midlar som skal dekke interne kostnader for å kunne ha forventet prosjektframdrift i de ulike byggeprosjekta og prosessane som kommunen har meldt inn til Miljøløftet, samt vesentleg bistand frå ulike ressurspersonar i intern stab, ev. noko innleige av kompetanse.

b. Prosjektutgreiing

Midlar som kan gå til utgreiing, prosjektering og regulering av prosjekt som kan finansierast av post-30 midlar på lengre sikt, til dømes kartlegging av behov knytt til innfartsparkering.

Denne kategorien erstattar prosjektutgreiing, strategiplan, prosjektstilling og prosjektbistand og deler av Samlepott belønningsmidlar Alver 2024 og Prosjektsamling belønningsmidlar Alver.

Kommunedirektøren si tilråding

- Det etablerast nye kategoriar som rammer for bruk av Alver sine belønningsmidlar i Miljøløftet, lagt fram i dette notatet. Midlar til rådighet fordelast på desse kategoriane.
- Kommande utbetalingar fordelast etter behov i dei nye kategoriane, i dialog med styringsgruppa for Miljøløftet i Alver og i samband med rullering av handlingsprogram for Miljøløftet.

¹ <https://www.nrk.no/trondelag/kommunene-kan-spare-millioner-pa-at-vi-beveger-oss-mer-1.17574811>